# Helsefellesskap Møre og Romsdal

HELSE MØRE OG ROMSDAL

**Referat Lokalt samarbeidsutval (LSU) Volda sjukehusområde**
**møte nr. 2/2022, 10. juni**

| Organisasjon | Navn og stilling | Funksjon | Møtt 10/6 |
|---|---|---|---|
| Helse Møre og Romsdal | Mona Ryste,<br>Rådgivar Klinikk Volda sjukehus | Representant og nestleiar LSU | X |
| Helse Møre og Romsdal | Palma Hånes<br>Klinikksjef Klinikk Volda sjukehus | Representant | X |
| Helse Møre og Romsdal | Anita Myklebust Nybø<br>Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab. | Representant | |
| Helse Møre og Romsdal | Kari Standal<br>Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus | Representant | |
| Helse Møre og Romsdal | Hallgrim Myklebust<br>Seksjonsleiar DPS | Representant | X |
| Hareid kommune | Monica Svoren<br>Konst. kommunalsjef | Representant | X |
| Herøy kommune | Renathe Rossi-Kaldhol<br>Kommunalsjef | Representant | |
| Sande kommune | Bård Dalen<br>Helse og omsorgssjef | Representant | |
| Ulstein kommune | Marit Botnen<br>Kommunalsjef | Representant | X |
| Vanylven kommune | Cecilie Oppedal<br>Kommuneoverlege | Representant | X |
| Volda kommune | Svein Berg-Rusten<br>Kommunalsjef | Representant | X |
| Ørsta kommune | Kristin Vik<br>Seksjonsleiar helse og velferd | Representant<br>Leiar LSU | |
| Fastlege/Praksis-konsulentordninga | Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Praksiskonsulent (HMR) | Representant | X |
| Fastlege/Praksis-konsulentordninga vara | Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR) | Vararepresentant | |
| Brukarrepresentant kommune | Eilin Reinaas<br>Norges Handikapforbund (NHF) | Representant | |
| Brukarrepresentant HMR | Janne Remøy Endresen<br>SAFO/NFU | Representant | X |
| Brukarrepresentant kommune vara | Solveig Vatne<br>NRF | Vararepresentant | |
| Brukarrepresentant HMR | Asle John Giske<br>FFO | Vararepresentant | |
| Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre | Oddvar Marøy<br>Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre | Sekretariat | X |
| Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR) | Sissel Ørstavik Aase<br>Rådgivar seksjon for samhandling i HMR | Sekretariat | |

**Andre tilstades:**
Sak 16/22 Solrun Brenk Rønning, Ottar Røyset, Tov Are Lia ved omvisning DPS
Sak 17/22 Bardo Driller (teams)

Avbod meldt : Kari Standal, Anita Nybø, Eilin Reinås, Kristin Vik, Sissel Ø. Aase

| Utvalg | **Lokalt samarbeidsutval Volda** |
|---|---|
| **Møtenummer** | Møte nr. 2/2022. |
| **Dato** | Fredag 10/6-2022 |
| **Tidspunkt** | 10.00 – 15.00 |
| **Møteleiar** | Mona Ryste |
| **Referent** | Oddvar Marøy |
| **Stad** | Volda sjukehus – Kløvertun (Kløvertunvegen 8) |

**Saksliste:**

| Saksnr | Emne | Saksbehandlar/ansvarlig |
|---|---|---|
| 12/22<br>*(10.00 – 10.15)* | **- Velkomen til møte i Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde.**<br>- Kort presentasjonsrunde<br>- Godkjenning av innkallinga - OK<br>- Saker til eventuelt – Ingen | Ved n.leiar av LSU Volda Mona Ryste |
| 13/22<br>*(10.15 -10.20)* | **Godkjenning av referat frå møte nr. 2/2021 i LSU Volda sjukehusområde**<br>Referatet er godkjent med slik endring / presisering.<br>I sak om følgjeperson, sak er referatet missvisande då det ikkje var semje om slutte seg til eller ikkje slutte seg til pkt 2 og 3 slik det går fram av referatet sak 4/22. Siste del av referatet på saka vert korrigert slik:<br><br>Volda sjukehus meiner ein må unngå sende rekningar til kvarandre og er ikkje interessert i finansakrobatikken rundt dette. Pengane bør følgje pasienten uansett kvar pasienten er – for å unngå byråkratiet mellom kommune/helseføretak.<br>Kommunane ynskjer å endre ordlyden i retningslina til det som står i rundskriv IS-4/22<br>**Vedtak : Det er ikkje semje i LSU Volda om innhald retningslinene pkt 2 og 3 om kostnadsansvar for følgjepersonar ved dagbehandling og polikliniske konsultasjonar. Retningslina bør løftast høgare opp for avklaring i nasjonale organ. Ein ønsker i tillegg at retningslina skal takast med i Samarbeidsavtalen når denne skal reviderast.** | Ved n.leiar av LSU Volda Mona Ryste |
| 14/22<br>*(10.20 – 10.45)* | **Kva skjer ved Volda sjukehus og i kommunane? Gjensidig orientering**<br>Samhandlingsstatistikk | Ved klinikksjef ved Volda sjukehus Palma Hånes og kommunerepresentantar |

| | | |
|---|---|---|
| | Utskrivingsklare pasientar – statistikk<br>Rekruttering – kompetanseheving<br><br>Sjå vedlagt presentasjon i vedlegg til referat. Utbygging i rute på sjukehuset med nytt mottak. Privat initiativ (Saniteten) med spleis for investering av nytt utstyr som elles ikkje er bevilga budsjett til. I den nye avdelinga vil drifta lettare legge til rette for tidleg avklaring etter undersøkingar om pasienten skal innleggast eller sendast tilbake til kommunen. God samhandling med kommunane, opplever at utfordringane rundt utskrivingsklare pasientar fungerer greit. Utnyttingsgraden på sjukehuset er høg og med gode tal i høve reinnleggingar.<br>Høgt tempo i kommunane med mottak av pasientar. Noko konkuranse om arbeidskraft. Samarbeid og kjennskap til kvarandre er viktig. HMR v/Ø Bakke har ide om å invitere til felles fjellturar i løpet av sommaren/hausten.<br>Presentasjon av LIS1-legar som startar i kommunane frå 1. sept. | |
| 15/22<br>(10.45 – 12.00) | **Mål – strategi – visjon – retning**<br>Presentasjon av hovudretning, sjå vedlegg.<br>Dei fire viktige retningane er:<br>- Vellukka kultur for samhandling<br>- Rekruttering og felles kompetansebygging<br>- Tydleggjering av utfordringsbilete og skape forbetring<br>- Proaktiv i Helsefelleskapet<br><br>Semje om å nytte «Råbra»-konseptet i samhandling og legge dette inn får å melde positive avvik. Kvar kommune må ha ein kontaktperson som er ansvarleg.<br>Kontaktperson for tiltaket i Volda sjukehus er Marius Brenne Kile.<br>LSU støtter desentralisert sjukepleiarutdanning knytt til Volda og vil be høgskulane i fylket om å legge til rette for dette. Gjeld også tilbod om vernepleierutdanning.<br>Sam.h.sekretær sender brev til utdanningsinstitusjonane om dette.<br>Vedtak : LSU Volda sluttar seg til framlagde strategi og satsingsområder. | Mona Ryste |

| | | |
|---|---|---|
| (12.00 – 13.00) | **Lunch og omvising/orientering**<br><br>Omvisning på Volda DPS, poliklinikk og døgnpost. Møte med Solrun Brenk Rønning Ottar Røyset og Tov Are Lia.<br>Av særskilte utfordringar for klinikken i Volda<br>- Auke kapasiteten for tal psykologar og psykiater. Har få avtaleheimlar for desse på søre Sunnmøre.<br>- Har relativt få poliklinikksamlingar på søre Sunnmøre<br>Opplever å ha gode og funksjonelle lokalitatar. | <br><br>Hallgrim Myklebust |
| 16/22<br>13.00 – 13.45) | **Handlingsplan Psykisk helse og rusbehandling**<br><br>Arbeidsgruppa har møte for oppfølging av planen i neste veke.<br>Forventningar om auke av stillingar.<br>Implementering og bruk av veileder «Sammen om mestring».<br>Fagdagar er viktige arenaer for å fremje samhandling. Fagdag må vere med i felles kompetanseplan. Ny fagdag er under planlegging til hausten, truleg 6/10-22. | Elin Høydal Vatne / Ottar Røyset og Solrun Brenk Rønning deltok i møtet. |
| 17/22<br>13.45 – 14.30) | **Handlingsplan Eldre multisjuke og palliasjon Med. Avd. Volda**<br><br>Grundig gjennomgang av plan og tiltak.<br>Mange tiltak blir det allereie jobba godt med, sjekk eigne kommunar.<br>Hovedmålsettingar:<br>- Aldervennlige samfunn<br>- Forhåndssamtaler<br>- Palliativ plan<br>- Pasientforløp for den eldre multisjuke<br>- Kompetanse på rett stad<br>- Bruk av velferdsteknologi<br><br>Tiltak og styrkingar som er gjennomført er finansiert ved hjelp av prosjektstøtte.<br>Bør tilbod om pasientsentrert team med støtte frå sjukehuset bli styrka ? Må avklarast nærare. Krev endring i bruk av fagressursar i HMR. | Bardo Driller |
| 18/22<br>14.30 – 14.45 | **KAD – plassar – status – bruk av senger**<br>Går ut | |

| | | |
|---|---|---|
| 19/22<br>14.45 – 14.50 | Valg av vararepr frå kommune til SSU. Sjustjerna vel/peiker ut aktuell representant og melder tilbake til LSU/Felles helsesektr. | Mona / Oddvar |
| 20/22<br>14.50 – 14.55 | Høyring nye handlingsplanar – teamsmøte 15/6. Framlegg til handlinsplanar er utsendt. Oppsummeringsmøte LSU-Volda i etterkant, sjå eiga teamslenke. | Mona / Oddvar |
| 21/22<br>*(14.55 – 15.00)* | **Eventuelt**<br>Neste møte fredag 2/9 Stad ikkje avklara | |